

**Namnet på snøfonna i Eikedalen er og blir Skjortefonna. Den lokale seiemåten er Skjortefodno. Dette fortel Geir Eidsvik til uskedalen.no**

Han er fødd og oppvaksen på Steinsletto. Dei gamle sa det alltid. Han syner til brørne Lars, Bjarne, Olav og Oskar Eik frå Padlane som alle sa Skjortefodno. Var snøfonna stor, sa dei: Ja, ho er dryg Skjortefodno i år.

Geir står på sitt. Namnet er Skjortefodno, ikkje noko anna. Han rår frå at vi set andre namn på fonna. Landskap og landskapsformer er ofte opphavet til stadnamn. Munnleg forteljing og overlevering fører til variasjon av eit stadnamn. Ei snøfonn i endring eller ei landskapsform set deg på ulike tankar alt etterkor du står i lendet.

Til no har vi tre lokale seiemåtar om snøfonna i Eikedalen:

- Skjortefodno - frå Eik/Steinsletto
- Mannen i Mannen - frå sentrum/ Sanden
- Dronninga ( Dronning Maud på ski med slør ) - frå Nausthaugen

Kva andre namn har vi på særmerkte landskapsformer i Uskedalen ?  
Send oss bilete som seier noko om dette.

Av Kristian Olav Bringedal